

Kunnskapsgrunnlag

Teoridel til planen



FN`s bærekraftsmål



Samfunnsplanen trekke fram 4 særleg viktige grupper

- **Alle barn**
Alle barn treng gode tenester, nærmiljø og fritidsaktivitetar.
- **All ungdom**
Alle ungdommar treng aktivitetar, møteplassar, mobilitet og tilpassa helsetenester.
- **Utsette barn og unge**
Barn og unge med sosiale, økonomiske eller helsemessige utfordringar har behov for god tilrettelegging for å ha best mogleg føresetnader for gode liv.
- **Føresette**
Godt fungerande familiar er grunnleggjande for god helse og trivsel hjå barn og unge, og fordi føresette er ein viktig samarbeidspart for å sikre gode kommunale tenester
Samfunnsplanen viser også til kva som må gjerast for å oppnå det vi ynskjer.

- **Fritida**

Fritida til barn og unge er også ein svært viktig arena og kan bidra til meistring og utvikling og kan vera særleg viktig for barn og unge som i mindre grad opplever meistring på skulen. Dei vaksne i ein fritidsaktivitet, både tilsette og frivillige, vil også kunna vera ein viktig trygg relasjon for barn og unge og kan vera ein viktig bidragsytar i livet til barnet.

Grunnleggjande føresetnad for førebyggjande arbeid med barn, unge og familiar i Sogndal kommune

Den overordna satstinga for kommunen sin førebyggjande innsats blei vedteken då vi starta opp arbeidet med BTI, betre tverrfagleg innsats i 2018. Før kommunesamanslåinga 01.01.2020 vart det vidare arbeidet forankra i den administrative arbeidsgruppa oppvekst at BTI skulle utviklast til ein modell som skal gjelde heile nye Sogndal kommune. Implementeringa skjedde frå august 2020 og fram til juni 2022. Frå oppstart av nytt barnehage- og skuleår, 2022- 2023 er BTI rekna inn som ein del av den ordinære drifta i kommunen.


Tilsette som møter barn, unge og familiar er organisert i ulike sektorar. Det er behov for å ha gode og tenlege strukturar og rutinar for tverrfagleg samarbeid slik vi lykkast med å hjelpe barn, unge og familiar som treng det til rett tid.

Felles syn på barn, læring og utvikling.

Kvart enkelt barn er unikt og har sine egne erfaringar, meiningar og draumar. Barn utviklar seg i samspel med omgjevnadane sine og lærer nye ting gjennom opplevingar og erfaringar. Barn har ressursar og rettar, og bidreg aktivt i eige liv og i samfunnet. Alle barn treng å bli sett, høyrte og verdsett for å utvikle god sjølvkjensle og sjølvtilit. Tilsette skal gi barn moglegheiter for å oppleve meistring, og gi dei tru på egne evner. Foreldre og andre omsorgspersonar er nøkkelpersonar og er dei viktigaste for at barn skal få dekt behova sine, utvikle seg og oppleve å høyre til. Barn er avhengig av gode relasjonar og omsorgsfulle vaksne som responderer på signala deira og gjev hjelp til å takle utfordringar (Meld. St 6(2019-2020). s. 22) I ei tid prega av raske endringar og aukande mangfald i samfunnet, er barnehage og skule viktige fellesarenaer. Barn skal lære å ta omsyn til kvarandre og respektera forskjellar. Inkluderande fellesskap gir grunnlag for å ta vare på mangfaldet og hindra utanforskap.

Sogndal kommune skal ha barn og unge sine behov i sentrum

Kunnskapstrekanten er ei systematisering av den generelle kunnskapen vi har om barn og unge sin oppvekst. Modellen syner eit tredelt fokus på den betydninga arenaen heim, barnehage/skule og fritid/ nærmiljø har for at barn og unge skal ha det bra. Dei ulike sidene påverkar kvarandre gjensidig. Modellen beskriv kva behov som må dekkjast for at barn og unge skal ha ei sunn utvikling.



(Kunnskapsgrunnlag – Metode for tidlig identifisering av risiko hos barn og unge, Helsedirektoratet, 2018)

Når behova ikkje blir dekte, inneber det ein risiko i utviklinga til barn og unge. Dette kan dømes vera når foreldre er kjenslemessig utilgjengeleg eller når foreldre ikkje klarar å gi barnet grunnleggjande omsorg. Risiko vert motverka av vernande faktorar som til dømes eigenskapar ved barnet eller ved eit godt barnehage- eller skulemiljø.

Ulike faktorar heng saman i komplekse kjeder av årsaker og verknader som påverkar kvar enkelt. Difor må strategiar for oppfølging ha tiltak på ulike nivå, som til saman vil ha betre verking enn eit enkelttiltak. Det er relevant for alle tenestene i vår kommune å nytta denne modellen i samhandlinga om tilbodet til barn, unge og familiar.

Heilskapleg og systematisk arbeid for å sikre barn og unge ein trygg oppvekst

I Sogndal kommune skal vi jobbe heilskapleg og systematisk for å sikre at barn og unge får ein trygg oppvekst. Ein god barndom er viktig her og no, for framtida til barna og for samfunnsutviklinga framover. Dei skal ha det bra heime, i barnehagen, skulen, SFO og på fritida.

Desse arenaene er viktige når barn og unge skal få dekkja sine grunnleggande behov for tryggleik og kjærleik, faglege og sosiale ferdigheiter, meistring, god psykisk og fysisk helse. Saman med blant anna organiserte fritidsaktivitetar, er desse arenaene viktige både for å førebyggja omsorgssvikt, åtferdsvanskar og for å oppdaga dei første teikna til bekymring.

Å jobba godt med førebyggjande arbeid og tidleg oppdaging av vanskar og problemutvikling, er viktig for at alle barn og unge skal ha det bra. Alle barn og unge skal bli sett tidleg, både i alder og i eit risikoforløp, og då er samarbeid på tvers av tenester og nivå viktig for å sikre rett hjelp til rett tid.

Ved å endre byrjande utfordringar tidleg, kan ein redusere behovet for ressurskrevjande tiltak seinare, og på den måten kan vi også sjå førebygging som ei lønnsam investering.

I Sogndal kommune skal vi arbeide for å fremja sunne barn og unge som handterer framtidige utfordringar og risiko.

Førebygging

Godt førebyggjande arbeid fokuserer ikkje først og fremst på symptom, men er generelt orientert med sikte på å fremja sunne barn og unge som handterer framtidige utfordringar og risikoar. Det krev at vi startar tidleg, og tenkjer og handlar langsiktig. (Rundskriv Q-16/2013). Førebygging retta mot barn og unge handlar først og fremst om å leggja til rette for eit godt oppvekstmiljø for alle.

Førebygging, tidleg innsats, inkluderande fellesskap og tverrfagleg samhandling er avgjerande for at alle skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø. Å sikra gode omsorgspersonar, gode barnehagar, skular og SFO er difor dei viktigaste tiltaka for å førebyggja omsorgssvikt og åtferdsvanskar.

Eit godt førebyggjande arbeid handlar om å identifisera behova i befolkninga, sørgja for at det finst relevante tilbod frå ulike instansar og leggja til rette for at dei ulike tenestene samarbeider. Det er eit mål at barn og familiar som strevar skal få den støtta dei treng før utfordringane i kvardagen veks til alvorlege problem. Førebygging startar allereie i mors liv og varer livet ut, og er alle dei kommunale tenestene sitt ansvar. Det betyr at svangerskapsomsorga, helsestasjonen og skulehelsetenesta, barnehagane, skulane, PP-tenesta og resten av det kommunale støtteapparatet må danne eit lag rundt barnet. Tenestene må ha gode rutinar for samhandling og samarbeid, kunne fange opp sårbare barn og setje inn gode og rette tiltak tidleg.

Kompetente tilsette – eit lag rundt barn og deira familie

Sogndal kommune har mange tilsette innan ulike sektorar og einingar som jobbar med og møter barn og unge dagleg. Dei tilsette har ulik kompetanse, rolle, bakgrunn og mandat, og til saman utgjer dei laget rundt born og unge i kommunen. Ein av føresetnadane for at ein på best mogleg måte skal kunne hjelpe barn, unge og deira familiar, er at kvar tilsett forstår sitt eige mandat og si eiga rolle. Samstundes må dei tilsette også anerkjenne

andre sitt oppdrag. Den gjensidige rolleforståinga er viktig i samarbeidet rundt barn og deira familie. Barn treng trygge vaksne som ser, forstår, lyttar til dei og handlar rett. Relasjonsbygging er grunnleggjande i arbeidet med barn og unge.

Det er naudsynt at dei tilsette har tilstrekkeleg kunnskap om risikofaktorar og faktorar som vernar, og har kompetanse til å handle føremålstenleg for å jobbe førebyggjande og sikre tidleg innsats. «Barn treng stabile relasjonar til kompetente, støttande og omsorgsfulle tilsette som ser behova deira, og gir respons på signala deira.» (Meld. St. 15. (2022-2023)).

Oppfølgingsundersøkinga BTI skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet med kompetanseheving og felles forståing for dei ulike rollane, kunnskap om tenestene og profesjonane i laget rundt barn og unge.

Medverknad

“Barn har rett til å seia si meining i alt som omhandlar det og meiningane til barnet skal tilleggjast vekt” (FNs barnekonvensjon - regjeringa.no).

Barns rett til å medverka er nedfelt i Grunnlova 104 og i Barnekonvensjonen artikkel 12 som seier at:

«Partene skal garantere et barn som er i stand til å gjøre danne seg egne synspunkter, retten til fritt å gi uttrykk for disse synspunkter i alle forhold som vedrører barnet, og tillegge barnets synspunkter behørig vekt i samsvar med dets alder og modenhet»

Barn er hovudpersonen i eige liv og kan gje dei kommunale tenestene og apparatet rundt verdifull informasjon. Det er difor naudsynt å leggje til rette for medverknad i saker som omhandlar dei. Barn skal oppleve at dei er viktige, og at dei vert tekne på alvor. Dette er naudsynt for å kunne gje best mogleg hjelp og støtte (NOU 2017:12)

s. 110). Meiningane til barn og unge skal bli teke på alvor. Alle barn og unge skal kjenna seg tryggja og erfara at dei er viktige, og at dei få medverka i utforminga av sine eigne tilbod i barnehage og skule. Tilsette og føresette skal leggja til rette slik at barn og unge blir gitt ansvar og får reelt høve til å medverka i kvardagen.

Førebygging og tidleg innsats

Vi skil mellom universell, selektiv og indikert førebygging. Tidleg førebyggande innsats kan verte sett inn på alle nivå (Rundskriv Q-16/2013).

Sogndal kommune har eit breitt spekter av verkemiddel i det førebyggande arbeidet gjennom tiltaka og tenestene sine. Det kommunale ansvaret for å førebygge omsorgssvikt og åtferdsvanskar omfattar generelle førebyggande tiltak (universell føre bygging) og tiltak som er retta mot einskilde grupper (selektiv førebygging). (Tjenestekatalog, Bufdir 2021)

Å førebyggje er å styrke faktorar som beskyttar og reduserer risikofaktorar rundt barnet. Tidleg innsats har stor verdi for den enkelte og for samfunnet som heilskap. Tidleg innsats er både innsats på eit tidleg tidspunkt i eit barns liv, og tidleg inngripen når problem oppstår og hindre at desse får utvikla seg vidare. Tidleg innsats handlar om å jobbe systematisk for å førebyggje utfordringar hjå enkeltmenneske eller grupper, og setje inn tiltak når utfordringar vert avdekka.

Tidleg innsats


Sogndal kommune har førebyggjande tiltak på universelt og selektiv nivå , og skal vidareutvikla desse for å styrke kommunen sitt arbeid. Alle tenester i kommunen skal bidra og samarbeida om dei barna som treng det mest.

Tidleg innsats må basera seg på:

- Risiko og beskyttelsesfaktorar
- Barns passering av milepælar i høve utvikling
- Kjennskap til føresette si fungering
- Å vurdere kvaliteten i samspelet mellom føresette og barnet

(Imenes, A-K., 2023)

Figur syner nivåa i førebygging i den førebyggjande plan:



Kunnskap om risiko og beskyttelsesfaktorar

Kunnskap om risiko- og beskyttelse er ein føresetnad for å kunna setja i verk tiltak tidleg, før problema utviklar seg. Faglege føringar frå KORUS legg vekt på evidensbasert kunnskap om risiko- og beskyttelsesfaktorar som eit viktig grunnlag for å realisere barnevernsreforma. Risikofaktorar er faktorar som kan auke risikoen for utvikling av vanskar, og beskyttelsesfaktorar er faktorar som kan virke vernande og gjere barnet meir robust til å handtera belastningar. Kunnskapen er sentral for å kunne velja tiltak som styrkar barn generelt, og for å kunne definere og oppdaga når barn står i fare for å utvikle vanskar (Kvello, 2008)

Kunnskapsgrunnlaget til den førebyggjande plan

All universell førebygging for alle barn, unge og føresette

Sogndal kommune sine tenester der ulike tiltak er førebyggjande for alle barn, unge og føresette. Helsefremjande / førebyggjande er tiltak retta mot alle for skapa meistring, glede og trivsel. Vi arbeider aktivt for å styrke oppvekstforholda ved å styrke beskyttelsesfaktorane for å bidra til god utvikling.

Selektiv førebygging.

Tiltak i Sogndal kommune som vil kunne redusere risikofaktorane som barn og unge er utsett for. Tiltak retta mot barn og unge med forhøga risiko. Tiltak vert sett i verk før symptomuttrykket blir så stort at det påverkar barn sin utvikling. Tiltaka skal motvirke negativ utvikling hos barn, unge og deira familiar. Risikofaktorar er avdekka, og det er behov for innsats og samarbeid for å avhjelpe situasjonen.

BTI modellen nivå 1- 2 og 3 (0)

Tiltak som kan gjenoppretta beskyttelsesfaktorar barn og unge treng for å gjenoppta og oppleve meistring. Måretta innsats og tiltak retta mot barn, ungdom og føresette med utfordringar som har påverka barn si utvikling negativt () Målet er å avgrensa og motverke forverring. Gi grunnlag for positive endringar og god utvikling.

Tiltak

- Innsats frå kommunen sine tenester som styrkar beskyttelsesfaktorar kring barn og unge
- Kompenserande og avlastande tiltak som redusere risikofaktorar i barn sin oppvekst

Sogndal kommune sin plan for det førebyggjande arbeidet beskriv universell og selektiv førebygging, tidleg oppdaging/ identifisering og målretta innsats og tiltak retta mot barn, ungdom og føresette med utfordringar som har påverka barn si utvikling negativt (0-1-2 og 3 i BTI modellen)

Modellen syner dei ulike førebyggingsnivåa i planen.



Kunnskapsgrunnlaget til den førebyggjande plan

Universell førebygging

Universell førebygging omfattar innsats retta mot alle barn og unge og/ eller deira føresette utan at ein har identifisert individ eller grupper. Arbeidet handlar om å hindra at problem oppstår. Universell førebygging er innsats og tiltak for at alle barn, unge, gravide og familiar skal ha det bra. Vi kan seia at god universell førebygging er at det er høg kvalitet på dei vanlege, daglegdagse tenestene som gjeld alle. Ein del av den universelle førebygginga er å ha gode, ålmenne system for å kartlegga kven som treng noko ekstra for å ha det bra.

Selektiv førebygging


Selektiv førebygging er ekstra innsats retta mot grupper med høgare risiko for utanforskap. Innsatsen skal legga til rette for at alle får same sjansen til utvikling og trivsel og skal førebygga problemutvikling som seinare kan koma til uttrykk gjennom behov for omfattande og inngripande tiltak frå det offentlege, til dømes frå barnevernet. Selektiv førebygging inneber at ein har gode system for å finna ut kven som er særleg sårbare og treng ekstra innsats.

- Døme på selektiv førebygging i Sogndal kommune er redusert foreldrebetaling barnehage og SFO plass til familiar ein krevjande økonomisk situasjon, system for opplæring i lese- og skrivestøtte for elevar med dysleksi eller språkvanskar.

Vi treng å byggja opp system og kompetanse for å forstå og vurdera risiko for utanforskap, både innanfor dei ulike tenestene og mellom tenester.

Kartleggingssystemet må byggja på kunnskap om risikofaktorar.

Figur illustrer kunnskap om barn sine behov sett opp mot ulike risikofaktorar for vurdering av barnet sin situasjon.



Kjelde: (Kunnskapsgrunnlag – Metode for tidlig identifisering av risiko hos barn og unge, Helsedirektoratet, 2018)

Tidleg oppdaging/ identifisering- tiltak og oppfølging

Figur syner korleis eit felles kunnskapsgrunnlag kan støtte opp om samarbeidet mellom basistenestene og støttetjenestene. Tidleg identifisering.

Figur illustrert med barn og unge sitt behov, knytt opp mot tidleg identifisering i barnehage og skule. Nivå 0 i BTI modellen.



Kjelde: (Kunnskapsgrunnlag – Metode for tidlig identifisering av risiko hos barn og unge, Helsedirektoratet, 2018)

Målrretta innsats og tiltak retta mot barn, ungdom og føresette med utfordringar som har påverka barn sin utvikling negativt Målet er å avgrensa, motverke forverring, og gi grunnlag for positive endringar og god utvikling.

Dei ulike nivåa i BTI modellen, 0- 1-2 og 3

| TIDLEG OPPDAGING/ IDENTIFISERING | | TILTAK OG OPPFØLGING | |
|---|---|---|--|
| <p>Nivå 0 Oppfølging og enklare utredning/beredning bered</p> <p>Når du oppdager mistenkt et barn eller ungdom som får deg til å undrast eller usar deg. Observer, bered, draft med hvar og del med føresette, barnevern.</p> <p>Steg</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Definer problem og beredning for et barn 2. Et utredning, beredning med tillegg og hvar 3. Et utredning, beredning med bered og bered 4. Et utredning, beredning med bered og bered 5. Produkt vaka | <p>Nivå 1 Innsats innsatt for et enkelt teneste.</p> <p>Jobb sampan med føresette og barn for å finne et løysing på utfordringa. Har vert det jobba innsatt for eiga eining. Opprett stoffetlogg</p> <p>Steg</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Opprett møte, opprett et digital stoffetlogg 2. Opprett møte, opprett et digital stoffetlogg 3. Opprett møte, opprett et digital stoffetlogg 4. Opprett møte, opprett et digital stoffetlogg 5. Opprett møte, opprett et digital stoffetlogg | <p>Nivå 2 Tverrfagleg samarbeid</p> <p>Når du teneste, sampan og barn for finne gode løysingar på utfordringa.</p> <p>Steg</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Opprett kontakt med et utredning. Planlegg et samarbeid. 2. Samarbeid mellom opprett og planlegg et utredning. Planlegg et samarbeid. 3. Samarbeid mellom opprett og planlegg et utredning. Planlegg et samarbeid. 4. Samarbeid mellom opprett og planlegg et utredning. Planlegg et samarbeid. 5. Samarbeid mellom opprett og planlegg et utredning. Planlegg et samarbeid. | <p>Nivå 3 Omfattende tverrfagleg samarbeid</p> <p>Samarbeid og hvarlagg innsatt mellom tenester og utredning. Når finne tenester, føresette og barn jobbar sampan om å løysa utfordringa.</p> <p>Steg</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Opprett kontakt med et utredning. Planlegg et samarbeid. 2. Samarbeid mellom opprett og planlegg et utredning. Planlegg et samarbeid. 3. Samarbeid mellom opprett og planlegg et utredning. Planlegg et samarbeid. 4. Samarbeid mellom opprett og planlegg et utredning. Planlegg et samarbeid. 5. Samarbeid mellom opprett og planlegg et utredning. Planlegg et samarbeid. |

Gode tiltak må setjast i system for å ha ein reell effekt, og samhandling er ein viktig premis for førebygging. I dette ligg det at vi må ha rutinar og strukturar for tverrfagleg samarbeid som gjennomsyrrar heile organisasjonen. Velferdstenestene skal sørgja for at barn og unge som treng det, får rett hjelp til rett tid. Sogndal kommune har sidan 2018 arbeidd strukturert og målrretta for å styrke det tverrfaglege samarbeidet gjennom «innføringa» og implementeringa av BTI modellen. Vi har styrka samhandlinga mellom tenestene, og har eit system for å fange opp risikoutsette barn og unge. BTI modellen skal kvalitetssikre heilskapleg og samordna innsats utan at det blir brot i oppfølginga.

Kunnskapsgrunnlaget til den førebyggjande plan

Mange tilsette jobbar med barn og unge på tvers av einingar og sektorar, og kommunen har ansvaret for ei rekke tenester som er viktig for at alle barn og unge får ein god oppvekst. Dei tilsette har ulike kompetanse, rolle, bakgrunn og mandat. St. 6 s.80). Eit heilskapleg tenestetilbod føreset at barnehage, skule, helsestasjon og andre tenester må henge godt saman, og eit god samarbeid mellom tenestene er nødvendig (Tjenestekatalog , Bufdir 2021). Samarbeidet er eit felles ansvar, og alle tilsette som arbeider med barn, unge og familiar skal samarbeide om å gi eit heilskapleg og samordna tilbod. Rutinar som er utarbeidde både i samarbeid med, og har verkeområde på tvers av sektorar og tenester, bidreg til heilskapleg forståing og praksis om felles ansvar (Fafo- rapport 2020). BTI-rutinane for leiarar i Sogndal kommune sikrar dette, og viser at det er eit leiaransvar at alle aktuelle tilsette har kunnskap, kompetanse på tvers av tenester og sektorar. Rutinane beskriv også ansvarsområde til tenestene, både på system og individnivå.

Tilrådde satsingsområde

Foreldrerolla og barnets tilknytning til omsorgspersonar

Foreldre og føresette er dei viktigaste personane i barns liv, og har hovudansvaret for å gi barna ein trygg og god oppvekst. Kvaliteten på relasjonen mellom barn og deira omsorgspersonar har mykje å seia for sjølvkjensla til barnet og psykiske helse. Foreldreansvaret er definert i lov om barn og foreldre § 30: "Barnet har krav på omsorg og omtanke frå dei som har foreldreansvaret." Dei har rett og plikt til å ta avgjerder for barnet i personlege forhold. Foreldreansvaret skal utøvast ut frå barnet sine interesser og behov (Barnelova - Lovdata).

Ein god barndom startar allereie i mors liv, og varer livet ut. Den viktigaste tida i barnets liv er dei tre fyrste leveåra, då hjernen er på sitt mest formbare og utviklar seg raskt. Barn lærer mykje på kort tid og ein legg her grunnlaget for resten av livet. Dersom barnet sitt grunnlag er godt i desse åra, aukar sjansane for ei god utvikling vidare.

Barn er heilt avhengig av omsorgsfulle vaksne som respondera på deira signal og hjelper dei med å takle utfordringar i livet. Barn har behov for å bli stimulert, få hjelp til å regulere kjenslene sine og å oppleve nærheit,

vern og trøyst. Føresette er dei viktigaste omsorgspersonane i barnet sitt liv, spesielt i denne sårbare perioden (Meld. St. 6 (2019-2020) s. 22).

Kommunikasjonen, relasjonen og samspelet barna har med omsorgspersonane rundt seg dei fyrste leveåra, er avgjerande for korleis dei utviklar seg vidare. Godt samspel og tilknytning mellom barn og omsorgspersonar er ein viktig beskyttelsesfaktor som kan verne barnet mot belastningar seinare i livet (Killen, 2013). Utviklinga av den grunnleggjande tilknytninga til omsorgspersonane skjer i barnets første leveår og påverkar vidare utvikling på fleire områder:

- Sjølvbilde / oppfatning av seg sjølv
- Psykisk helse
- Tryggleik
- Kjensleregulering
- Tilknytingsstil

Forsking syner at barn sine erfaringar allereie frå eittårsalderen er med på å danna grunnlaget for sjølvreguleringa til barna. Dette inneber mellom anna evna til å kontrollera impulsivitet, vera merksam, samarbeida og følgja reglar. Desse eigenskapane er viktige for utvikling og læring (stortingsmelding 6).

For å oppfylla målet i barnevernsreforma om førebygging og tidleg innsats er god foreldrestøtte sentralt (Foreldrestøtte i kommunen, Bufdir 2022). Tidleg innsats for å avdekkja utfordringar når det gjeld samspel og tilknytingsutvikling er derfor viktig. Dersom utfordringane vert avdekkja tidleg, er det større sjanse for å reversera negative konsekvensar for barnet. Alle tilsette i Sogndal kommune skal ha fokus på tidleg innsats, fremje ressursane hjå føresette og gje støtte og oppfølging ved behov. Målet er at føresette i størst mogleg grad skal vere i stand til å meistre foreldrerolla og leggje til rette for at barn i Sogndal kommune får ein god oppvekst.

Hjelpe barn og unge på universelle arenaer

Helsestasjon, barnehage og skule møter alle barn og unge i kommunen, og er slik sett unike universelle arenaer for førebyggjande arbeid. Barn med barnehageplass var 96,6 % i Sogndal i 2022, medan helsestasjonen og skule er i kontakt med alle barn og familiar. Jordmorteneste møter om lag alle dei gravide . Allereie i svangerskapet byrjar førebuinga på foreldrerolla.

Helsestasjonen er den einaste universelle arenaen som systematisk og regelmessig observerer og følgjer opp alle barn første leveåret, og som om lag 100% av sped – og småbarnsforeldre nyttar. Helsesjukepleiarane gjennomfører helsekonsultasjonar av barna, rettleiar foreldre frå alle samfunnslag og kulturar, og har ein unik posisjon ved å sjå alle barn og vera i kontakt med alle foreldra. Helsestasjon har eit viktig ansvar for å styrkje foreldra i rolla som foreldre, oppdaga skeivutvikling og hindra og avdekkja vald, overgrep og omsorgssvikt hos dei minste barna (Helsedirektoratet, 2017). Universelle tiltak og tidleg innsats i helsestasjonstenesta er viktige prinsipp for å jamna ut den sosiale gradienten i helse. Tenestene skal vera tilpassa føresetnadene til den enkelte og tilby oppfølging av den enkelte ut i frå lovpålagt oppfølgingsprogram med fastsette konsultasjonar og den gravide, barnet og behovet til foreldra.

Barnehagene

Barnehagene skal leggja eit godt grunnlag for vidare utvikling og læring, med trygge, omsorgsfulle tilsette. Personalet og kompetansen deira er den viktigaste ressursen i barnehagane og føresetnad for at barnehagen skal vera ein god arena for omsorg, leik, danning og læring. Barnehagane er også inngangen familieane møter med oppvekstmiljøet til barna. Godt relasjonsarbeid er viktig for å utvikla samarbeid med familieane.

Grunnskulen

Grunnskolen har ein viktig samfunnsfunksjon som gratis, obligatorisk skulegang for barn i alderen 6-

16 år. Grunnskulen skal "opna dører mot verda og framtida og gi elevane historisk og kulturell innsikt og forankring" (Opplæringslova, § 1-1) og har eit stort samfunnsoppdrag. Skulen er den einaste arenaen alle barn og unge møtast saman. Grunnskulen har både eit dannelsesoppdrag og eit utdanningsoppdrag etter opplæringslova. Barna og ungdommane er mykje av oppveksten sin på skulen, og det er ein viktig førebyggjande arena. Foreldremøte og utviklingssamtalar er viktige møtepunkt for å byggja relasjonar til familiane til barna og ungdommane og føresette.

Sogndal kommune deltek i Læringsmiljøprosjektet 2022-2024. Læringsmiljøprosjektet er eigd av Utdanningsdirektoratet og Læringsmiljøsentret, og eksterne rettleiarar er prosessleiarar og rettleier på ulike problemstillingar i barnehagane og i skulen.

Inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO. Tidleg innsats og kvalitet.

Barnehage, skule og SFO er barn sine viktigaste kvardagsarena utanfor heimen og skal sikra alle barn og unge høve til utvikling, oppleve meistring, læring, trivsel og fellesskapet. Å vera inkludert handlar om at alle barn skal oppleva at dei har ein naturleg plass i fellesskapet. God kvalitet i barnehagar og skular som løftar alle barn uavhengig av bakgrunn, er dei viktigaste bidraga for å skapa eit samfunn med små skilnader og same sjansane for alle. Barn og unge skal møta tydelege forventningar og få hjelp til å takla både medgang og motgang. Alle born treng å bli sett, høyrte og verdsett for å utvikle god sjølvkjensle og sjølvtilit.

Eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø er vesentleg for å fremja trivsel, læring, utvikling og helse for barna og elevane, og det førebyggjer fråvær i skulen. Mobbing, vald, diskriminering, trakassering og andre krenkingar er uakseptabelt i barnehagen og skulen. Barn med funksjonsnedsetting kan vera særskilt sårbare og har behov for ekstra merksemd (Meld. St. 6 (2019-2020)).

Barn og unge skal ha vaksne rundt seg som gir støtte og omsorg, anten dei må ha hjelp til å finna seg ein venn, delta i leik eller læra seg å lesa, skriva og rekna og forstå samfunnet vi lever i. Barn og unge får det beste grunnlaget for å utvikla seg sosialt og fagleg når dei opplever å vera ein verdifull del av fellesskapet og blir

godtekne som dei er. Dei skal føla at dei høyrer heime i samfunnet, og at det er bruk for dei og dei perspektiva og meiningane dei har. Barnehagane og skulane må saman med foreldra leggja til rette for at barn og unge etablerer gode relasjonar og trygg tilknytning til tilsette og andre barn og at dei opplever anerkjenning, tilhøyrsløse og trivsel (Meld. St. 6 (2019-2020)).

Eit godt tilbod i barnehage og dei første åra i grunnskulen, legg eit godt grunnlag for vidare utdanning og arbeid. Barnehagane og skulane har eit stort ansvar for å gi alle barn ein god start på livet, og for å kompensera for manglande støtte og stimulering heime når det er naudsynt. Barnehagar og skular med høg kvalitet har dyktige lærarar, leiarar og andre tilsette som sørgjer for at barn og elevar meistrar, lærer og utviklar seg ut frå eigne føresetnader Meld. St. 6 (2019-2020). Barnehage og skule skal tenna gneisten som trengst for at barn og unge skal utvikla seg, få eit godt liv og bli godt rusta til utdanning og jobb.

Under gode levekår vil dei fleste barn utvikla seg og læra i takt med sine evner og ressursar. Dei vil få venner og fungera godt sosialt og emosjonelt. Med hjelp og rettleiing frå trygge omsorgspersonar, vil dei også kunna læra å meistra motstand og vanskar. Samstundes veit vi at barn som veks opp med foreldre som ikkje klarer å gi tilstrekkeleg omsorg, barn som lever med vedvarande låg inntekt i husstanden, barn som opplever andre belastningar (til dømes mobbing, vald og overgrep) barn som ikkje møter eit godt nok miljø for læring, sosialt samspel i barnehage og skule, vil ha auka risiko for å utvikla psykiske plager og sosial mistilpassing.

Barn som veks opp i familiar med risikofaktorar kan få mindre støtte og stimulering hjå føresette enn andre barn. Dei vil dermed ikkje kunna utnytta og utvikla sine evner til beste for seg sjølv og dei rundt seg. Tidleg innsats er avgjerande for å hjelpe desse familiare (Meld. St. 6 (2019-2020) s. 22). Ved å ha kunnskap om risikofaktorar, kven som blir ramma og korleis, vil vi som samfunn vere betre rusta til å leggja til rette for at flest mogleg barn skal veksa opp under best moglege forhold. I arbeidet med å fremja barn si helse er det viktig å fokusera både på

korleis vi kan redusera omfanget av risikofaktorar (og dei negative verknadene av desse) og korleis vi kan fremje viktige vernefaktorar i barns liv

Tverrfagleg samarbeid

Regjeringa har framheva fylgjande mål for tverrfagleg samarbeid:

- Barn og unge som treng hjelp, blir oppdaga tidleg og får hjelp uavhengig av om utfordringane gjeld lærevanskar, psykisk eller fysisk helse, familiesituasjon eller anna.
 - Barn og unge og familiane deira/føresette får den heilskaplege oppfølginga dei treng av ulike tenester.
 - Tverrfagleg samarbeid skal bidra til at alle barn opplever eit godt og inkluderande oppvekst-, leike- og læringsmiljø.
 - Tverrfagleg samarbeid skal bidra til at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring
- (Meld. St. 6 (2019-2020)).


Laget rundt barn, unge og familiar i vår kommune.

Det vert ofte vist til laget rundt barnet i tverrfagleg samarbeid mellom ulike fagområde og forvaltningsnivå i kommunen. Godt tverrfagleg samarbeid er når fleire yrkesgrupper med ulik kompetanse arbeider saman for å ivareta dei heilskaplege behova til eit barn, ungdom eller ein familie. Tilsette i tenestene må snakka godt saman og behovet til barn og unge skal vera i sentrum. Med eit sterkare lag rundt barn, unge og tilsette får vi til gode heilskaplege tenester for alle barn og unge.

Regjeringa vil at alle barn og unge blir sett og får den hjelpa dei treng når dei treng den (Meld. St. 6 (2019-2020)). Kompetansen og verkemidla som ulike tenester og yrkesgrupper rår over, skal vera så nær barn og unge som mogleg. Tilsette med god kompetanse og nære relasjonar til barn og unge er avgjerande for at vi får eit godt

barnehage og utdanningsløp for alle, og tidleg innsats og oppdaging må sjåast i samanheng med barnehagen og oppgåva til skulen med å fremja barns grunnleggjande behov.

Sogndal kommune har i fleire år nytta miljøterapeutar og andre profesjonar i skule, SFO og barnehage. Meld. St. 6 (2019-2020) beskriv det som ein måte å imøtekomme behovet for kompetanse nær barnet. Til dømes vert tilsette med helse- og sosial fagleg kompetanse nytta inn mot styrking av barnehage og skulemiljø, einskildbarn sitt behov og SFO. Ved å nytte tverrfagleg kompetanse inn mot barne- og elevgruppa, vil ein lettare kunne oppnå reell tilpassa opplæring, leggje til rette for betre utbytte av undervisninga og til sosial utjamning (Tverrfagleg samarbeid i skule – god og trygg skulekvardag for alle elevar, 2011) . Dette er tidleg innsats, ein god strategi inn mot førebyggingsperspektivet. Vi kan på den måten førebyggje at problem utviklar seg, eller at dei vert større enn naudsynt (Meld. St. 6 (2019-2020)).



Innsats retta mot tre nivå av behov. Meld. St. 6 (2019-2020).

Ressursteam- det lokale støttesystemet i barnehage og skule

Ein nøkkelfaktor i det førebyggjande arbeidet og tverrfagleg samarbeid er kunnskap og kompetanse. Det vert peika på det å ha eit godt lokalt støttesystem rundt barna og tilsette er viktig for sikre kompetanse nærast mogleg barn og unge (Meld. St. 6 (2019-2020)). Vi har i samband med implementeringa av BTI modellen, etablert ny struktur for systematisk tverrfagleg samarbeid i barnehage og skule. I 2022 var eit av oppvekst sitt prioriteringsområde å sikre etablering av ressursteam i alle barnehagar og skular. Dette for å sikre gode rammer for tidleg innsats knytt til sosiale, faglege og emosjonelle vanskar som barn og unge kan møte. Prioriteringa har også vore knytt til prosjekt på området *frå spesialundervisning til tilpassa opplæring*. Dette har styrka arbeidet med tidleg innsats og inkluderande praksis. Som ein del av dette arbeidet er det utarbeida nye rutinar knytt til ulike overgangar, til dømes frå barnehage til skule . Satsingsområda er eit viktige bidrag inn i arbeidet med heilskaplege tenester for barn og unge i Sogndal kommune.

Gjennom ressursteam på kvar eining sikrar vi systematisk tilgang til fagpersonar med ulik kompetanse for å kunne møte mangfaldet blant barn og unge på ein god måte i eit tverrfagleg perspektiv. PPT og helsesjukepleiar er med etter oppsett plan, og andre tenester kan inviterast inn ved behov. Dette er med på å styrke det tverrfaglege samarbeidet vårt, både på system- og individnivå. Tilsette med høg kompetanse jobbar tett på barn og unge slik at dei raskt kan fanga opp behov og leggje til rette på ein god måte. På denne måten sikrar vi at barn og unge med særskilde behov for tilrettelegging vert tidleg fanga opp, og får rask hjelp når dei treng det. Denne strukturen sikrar at vi i større grad førebyggjer at problem utviklar seg eller at dei vert større enn nødvendig (Meld. St. 6 (2019-2020). Eit døme er ved ei eventuell tilvising til PPT der kontaktperson har vore tettare på barnet og eininga i det ein kallar førtilmeldingsfasen.

Det er og utpeika eigne ressurspersonar i tilknytning til arbeidet med trygt og godt barnehage og skulemiljø. Ressurspersonane har god kompetanse på førebygging, forståing, avdekking og i å løysa saker. Ressurspersonane har moglegheit til å vere tett på der det er behov for ekstra støtte. Dei har fått særskild opplæring og kompetanseheving som leiar kan nytta i alle deler av arbeidet, både på system- og individnivå.

Sogndal kommune har gode erfaringar og gode tilbakemeldingar frå tilsette på organiseringa av det tverrfaglege samarbeidet. I oppfølgingsundersøkinga til BTI gir tilsette uttrykk for at det er lågare terskel for å ta kontakt med andre tenester. Dette kan sjåast i samanheng med kommunen sitt auka fokus på tidleg innsats og etablering av ressursteam i samband med implementeringa av BTI modellen.

I samband med oppfølgingsundersøkinga BTI våren 2023, er dette blant anna nokre av utsegna til tilsette:

«Liker at det er lavterskel å ringe til ulike instansar. Det gjer det lettare, det som ellers kunne gått under radaren»

«PPT har solid fagkompetanse og blir med heile vegen gjennom før-tilmeldingsfasen og til vedtak er på plass»

«Eg tykkjer det er bra at alle skular og barnehagar har oppretta ressursteam. Her får ein diskutere og rådføre seg med fagpersonar på eit tidleg stadiet.»

Samordning og godt samarbeid i samansette utfordringar


Kommunen sitt ansvar for tidleg innsats og førebygging fordrar at heile laget rundt barn og unge må stå samla (Meld. 6). Samordningsplikta frå 01.08.2022 lovfestar ei lik plikt for velferdstenestene til å samarbeide om oppfølginga av dei barn og unge som har behov for samansette tenester.

Samordningsplikta til kommunen gjeld når samarbeidet er nødvendig for å gi barnet eller ungdommen eit heilskapleg og samordna tenestetilbod. Velferdstenestene skal sørge for at barn og unge som treng det, får rett hjelp til rett tid. Dette føreset at tenestene jobbar saman.

DFØ har definert samordning som «ein prosess der sjølv kjernen er at mål, verdiar, aktivitetar, ressursar eller andre premisser blir sett i samanheng, prioritert, avvege og tilpassa til kvarandre». Behovet for samordning vil variera, og at ein derfor kan snakka om ulike grader av samordning.

Barn og familiar sine utfordringar kan vera samansett, og det vil vere behov for samarbeid og hjelp frå fleire tenester og sektorar samstundes. Utfordringar kan ofte ikkje løysast kvar for seg, eller av ei teneste åleine. Komplekse utfordringar som går på tvers av ulike ansvarsområde, vert ofte kalla gjenstridige problem (wicked problems). Fafo rapporten (2020) «Trøbbel i grenseflatene» omtalar dette som eit samfunnsproblem som er vanskelege å løysa fordi dei krev innsats som går på tvers av samfunnsområde og forvaltningsgrenser. Dersom ingen tek eigarskap til heilskapen i utfordringane til barnet eller ungdommen, er det ein risiko for at barn og unge ikkje får den hjelpa dei treng.

Figur illustrerer barn og unge sitt behov for å ha kontakt med ulike tenester og tilsette.



Kilde: Melding til Stortinget 6 (2019-2020)

BTI- modellen til Sogndal kommune skal bidra til ein klar struktur for dette arbeidet, og

styrke samhandlinga mellom tenestene slik at vi jobbar meir målretta, effektivt og heilskapleg, dette utan at det oppstår brot i oppfølginga. Fafo - rapporten (2020) syner til at strukturar ikkje er tilstrekkeleg for å lykkast betre med samarbeid, ein må også utvikla ein felles samarbeidskultur og -praksis. Tilsette erfarer at det kan oppstå

Kunnskapsgrunnlaget til den førebyggjande plan

utfordringar med det tverrfaglege samarbeidet når utfordringane til barn og unge vert store og samansette, og det er fleire aktørar i samarbeidet. Vi treng å jobbe aktiv med korleis vi kan få til godt samarbeid også i saker som er samansette. Vi må utvikle felles samarbeidskultur. I rapporten viser til at aktørane må møtast på felles arenaer slik at vi utviklar ei felles problemforståing og anerkjenna verdien av ulik kompetanse og tiltak.

Ikkje minst må tilsette også erfara at samarbeid gir betre løysingar, ein meirverdi som tenestene ikkje kan oppnå åleine. Sogndal kommune må arbeide vidare for å sikre god utvikling av ein felles samarbeidskultur der vi alle får til å arbeide saman, samtidig mot felles mål, også i dei samansette vanskane i møte med barn, unge og familiar.

Referanseliste:

| Statlege og overordna føringar | Lenkje til nettside |
|---|---|
| Prop. 133 L (2020-2021) – Ny lov om barneverntenester | Prop. 133 L (2020–2021) - regjeringen.no |
| Prop. 100 L (2020-2021) – endringar i velferdstenestelovgivinga | Prop. 100 L (2020–2021) - regjeringen.no |
| Meld. St. 6 (2019-2020) Tett på-tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO | Meld. St. 6 (2019–2020) - regjeringen.no |
| Meld. St. 23 (2023-2033). Opptappingsplan for psykisk helse. | Meld. St. 23 (2022–2023) - regjeringen.no |
| NOU 2023: 7. (2023). Trygg barndom, sikker fremtid | NOU 2023: 7 - regjeringen.no |
| NOU 2017:12. (2017). Svikt og svik | NOU 2017: 12 - regjeringen.no |
| Friheit frå vald- handlingsplan mot vald i nære relasjonar | Frihet fra vold - regjeringen.no |
| Barnekonvensjonen | Barnekonvensjonen - regjeringen.no |
| Nasjonalfagleg retningsline for | Helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom - |

Kunnskapsgrunlaget til den førebyggjande plan

| | |
|---|---|
| helsestasjons- og skulehelsetenesta | Helsedirektoratet |
| Nasjonal rettleiar om Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier | Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier - Helsedirektoratet |
| Nasjonalfagleg retningsline for tidleg oppdaging av utsette barn og unge | Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge - Helsedirektoratet |
| Nasjonal veileder for psykisk helsearbeid barn og unge | Kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid - Helsedirektoratet |

Litteraturliste

Bufdir. (u.å.). Foreldrestøtte sentralt i arbeid med forebygging og tidlig innsats. Bufdir. [Foreldrestøtte sentralt i arbeid med forebygging og tidlig innsats | Bufdir](#)

Barnevernlova. (2021). Lov om barnevern (LOV-2021-06-18-97). Lovdata. [Lov om barnevern \(barnevernsloven\) - Kapittel 15. Kommunens og barnevernstjenestens ansvar og oppgaver - Lovdata](#)

Bufdir. (u.å.). Foreldrestøtte sentralt i arbeid med forebygging og tidlig innsats. Bufdir [Foreldrestøtte sentralt i arbeid med forebygging og tidlig innsats | Bufdir](#)

Fafo, (2020.). Trøbbel i grenseflatene. Samordnet innsats for utsatte barn og unge. Fafo. [20737.pdf \(fafo.no\)](#)

Folkehelseinstituttet. (2018.). Hvilke tegn og signaler som kan observeres av personell i barnehage og skole kan ha sammenheng med omsorgssvikt?. Folkehelseinstituttet. [Hvilke tegn og signaler som kan observeres av personell i barnehage og skole kan ha sammenheng med omsorgssvikt? En systematisk oversikt over oversikter \(fhi.no\)](#)

Utdanningsdirektoratet. (2023.) Elevundersøkelsen- mobbing 5. til 10. trinn, sortert etter spørsmål. Utdanningsdirektoratet. [Elevundersøkelsen – mobbing 5. til 10. trinn, sortert etter spørsmål | udir.no](#)

Kunnskapsgrunnlaget til den førebyggende plan

Velferdsforskningsinstituttet NOVA. (2023). Finn Ungdata-tall for din kommune. Velferdsforskningsinstituttet NOVA. [Hjemmeside - Ungdata](#)